

Uttaler og vedtak frå Vestland Arbeiderparti sitt årsmøte 2024

R1 Arbeid

Heile folket i arbeid – eit inkluderande arbeidsliv

Dei demografiske endringane i samfunnet føre med seg behov for å tenke nytt og nyskapande slik at vi også i framtida får løyst oppgåvene i samfunnet. Det eksisterer ein arbeidskraftreserve i Noreg som må mobiliserast. Tilknytning til arbeidslivet gir også positive effektar for enkeltmenneske. Ein vert inkludert i sosiale miljø, aukar livsmeistring og skal løne seg økonomisk. Likevel vil det alltid vere slik at nokre faktisk ikkje kan arbeide. Når ein kommer til det punktet at uføretrygd skal bereknast må det sikrast at ikkje ein vert straffa økonomisk for å ha forsøkt å halde seg i arbeid så lenge som mogleg. Om ein til dømes har forsøkt å arbeide i redusert stilling dei siste åra vert også berekningsgrunnlaget urimeleg lågt sett opp mot innsats gjennom eit lengre arbeidsliv. Dette gir ikkje eit insentiv som aukar arbeidsdeltaking, men vil heller ha motsett effekt. Mange av dei gode løysingane på dei nemnte utfordringane finst allereie, men nokre er enno ikkje utvikla. Dei lokale NAV-kontorene bør ha meir friheit til å utprøve nye lokale tiltak, og i større grad sjølve vurdere behov for allereie eksisterande tiltak som til dømes AFT (arbeidsforberedande trening) etter eige skjønn.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Prøve ut nye tiltak og etablere ordningar med sikte på å auke deltaking i arbeidslivet for alle
- Auke sysselsettinga blant menneske med utviklingshemming gjennom at offentlege anbod prioriterer VTA/VTO-bedrifter der det er mogleg
- Syrgje for god oppfølging av tilsette i VTO (varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift) og gi en fast tilskotsats for oppfølginga
- Gjere tilrettelagt fagopplæring til ei nasjonal ordning
- Auke taket for kor mykje man kan tene utan at uføretrygda vert avkorta
- Sikre bedrifter og arbeidssøkande tilgang til effektiv og tilgjengeleg arbeidsformidling
- Gjennomføre tiltak som gjer det lettare for folk å få fleire barn og samstundes arbeide heiltid
- Modernisere sosialtenestelova og folketrygdlova med sikte på å forenkle ytingar
- Gå gjennom reglar for berekning av uføretrygd med mål om å få på plass ei meir rettferdig ordning
- Modernisere arbeidsmiljøloven kapittel 10 om arbeidstid, med digitale formkrav for oversikt over arbeidstiden og flere formkrav til avtaler om gjennomsnittsberegning av alminnelig arbeidstid og utvidet overtid

R2 Bustad

Noko av årsaka til at Noreg har utvikla seg til eit land med små forskjellar er den sosialdemokratiske bustadpolitikken som har hatt som eit klart mål at folk skal eige sin eigen bustad. Når marknadskreftene styrer fritt er det mange som ikkje har økonomisk moglegheit til å komme seg inn på bustadmarknaden. Særleg utsett er menneske med varig låginntekt, einslege forsørgjarar og unge i etableringsfasen.

I tråd med eldrereforma skal kommunane framover bygge fleire bustadar som er tilpassa at folk kan bu trygt heime lengre. Det er heilt naudsynt at kommunane også settast økonomisk i stand til å byggje disse bustadane i dag.

Stortinget skal behandle bustadmeldinga i løpet av dette året og vi har store forventningar om at denne nyttast til å gjenreise husbanken til ein aktør som bidreg til at vi når våre bustadpolitiske mål om trygge og gode bustadar til alle. Startlån er vårt viktigaste bustadpolitiske verkemiddel, og ramma må aukast. Husbanken må også få i oppdrag å i større grad hjelpe kommunane med deira bustadpolitiske arbeid. Bustadmeldinga må også sjå på ulike formar for bustadkjøpsordningar utover dei leige-til-eige-modellane som finst i dag. Vi må også fornye husleigelova slik at rettane til leigetakaren vert styrka. Bygging av studentbustadar er ein vinn-vinn-sak, ved at vi bidreg til trygge og gode bustadforhold for studentane samstundes som det bidreg til å minske trykket i bustadmarknaden.

Vestland Arbeidarparti vil:

- At husbanken si utlånsramma vert ytterlegare auka
- Styrke støtteordningar slik at kommunane kan byggje nok kommunale bustader
- Styrke ordninga med kommunale bustadstilskot til privatpersonar
- Det skal arbeidast for ei langsiktig ordning med investeringstilskot til kommunane, til sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar.
- Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at det vert bygd nok boligar for utviklingshemma

R3 Helse

Kvinnehelse

Prioritering av kvinnehelse er både god samfunnshelse og god samfunnsøkonomi. Medisinsk kunnskap byggjer i stor grad på studier gjort på mannskroppen. Kvinner og menn kan ha ulike symptom på same sjukdom og dei kan reagere annleis på medisinar. For tilstandar som rammar begge kjønn, til dømes hjartesyjukdom, manglar vi framleis forskning på kvinner sine helseutfall og behandling. Manglande kunnskap om sjukdomar som endometriose, lipødem og polycystisk ovariesyndrom gjer at kvinner vert seinare diagnostisert og får dårlegare behandling. Her er og forskninga mangelfull. Kvinner si helse heng ofte saman med barn si helse. Meir kunnskap om kvinnehelse gir betre helse, betre livskvalitet og like moglegheiter for både mor og barn. Eit auka fokus på kvinner sine livs- og helseutfordringar vil sikre mange friske leveår for både kvinner som skal menstruere, verte gravide, føde friske barn, vere arbeidsdyktige og bidra i samfunnet lenge etter overgangsalderen. Det er utvetydig slått fast at sjukdomar artar seg ulikt mellom kjønna og at det er naudsynt med auka fokus på kvinnehelse i medisinsk forskning. Det vil teke tid for å endre etablerte strukturar i helseforskning og tette kunnskapshola når det gjeld kvinnehelse. Vestland Arbeidarparti meiner difor det er naudsynt at fokuset på kvinnehelse haldast oppe.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Gi økonomisk insentiv til forskning på kvinnehelse og bruk av forskingsdyr som er hokjønn slik at kunnskapshull tettes og ny kunnskap vert løfta fram.
- Opprette eit brukarutval for kvinnehelse for å sikre at kvinners medverknad i avgjersleprosessar
- Auke midla til forskning på kvinnehelse slik at kunnskapshol vert tetta og ny kunnskap kan løftast fram.
- Ha auka fokus på kvinner sine helseutfordringar i helseprofesjonsutdanningane slik at vi sikrar likeverdige helsetenester for alle.
- Ha større fokus på kvinner sine livs- og helseutfordringar hos fastlegane slik at ikkje problema vert bagatelliserte.

Svangerskap, fødsel, barsel

Svangerskap, fødsel og barselid kan føre med seg fysiske-, mentale- og/eller tannhelseproblem. Dette kan igjen påverke barnets helse og utvikling. Vestland Arbeidarparti meiner det skal være ein prioritert offentlig oppgåve å ivareta kvinnene som bringer fram neste generasjon.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Styrke prioriteringa av helsetenester for mor etter fødsel.
- Gi alle nybakte mødrer tilbod om heimebesøk av jordmor og/eller helsesøster etter fødsel.
- Gi gravide gratis tannhelsetilbod i svangerskapsperioden og fram til og med uke seks etter fødsel.
- Auka kunnskapen innan særlege utfordringar for minoritetskvinner i svangerskaps- fødsels- og barselsomsorgen og jobba for målretta tiltak for å trygge den enkelte i møtet med norsk helsevesen.

Spesialisert rehabiliteringstilbod

Pasienter i spesialisert rehabiliteringstilbud er en sårbar gruppe som trenger fellesskapets støtte. Vestland Arbeiderparti er opptatt av at pasienter som trenger spesialisert døgntilbud får et forsvarlig tilbud når de har behov for det. Pasientene trenger et rehabiliteringstilbud som er der for dem over til, og der de møter et team av flere profesjoner av spesialister som kan gi den enkelte en oppfølging som er tilpasset deres sammensatte diagnoser.

Fastlege for alvorleg sjuke barn

For nokre familiar er det ekstra viktig å ha ein fastlege dei stolar på og som dei kan ha eit forhold til over tid. Barn som er alvorleg sjuke, og barn med særskilte behov bør prioriterast. For eit barn med t.d. autisme, kan det vera svært krevjande å gå til lege. Då er det viktig at barnet slepp å stå på venteliste for fastlege. Ei lovfesta rett til prioritet på ventelista til ein fastlege, vil vera godt, riktig og viktig å prioritera – både for barnet, familien og samfunnet som heilskap. Det er dessutan god samfunnsøkonomi.

Vestland Arbeiderparti ønskjer

- ein lovfesta rett til prioritet ved bytte av fastlege for barn med særskilte behov og/eller med alvorleg sjukdom.

Rusbehandling

Rusavhengige er menneske som ofte sitter nedst ved bordet, om dei i det heile kjem inn i rommet. Dette er menneske i vårt samfunn med ein sjukdom som avlar meir sjukdom. Rusavhengigheit fører til store vanskar både for den det gjeld og for familien. Gode døgnbehandlingstilbod med tilstrekkeleg kapasitet er av stor betydning, både samfunnsøkonomisk og personleg for dei det gjeld.

Regjeringa fjernet i 2023 ordninga med fritt behandlingsval, samtidig som man beheldt ordninga med pasientanes rett til å velje behandlingsstad. Ordninga med fritt behandlingsval har i liten grad oppnådd formålet om å få ned ventetidene eller gjort helsetenesta meir effektiv. Samtidig har den bidratt til å svekke de offentlege sjukehusa. Dette var eit heilt rett grep slik at helseføretaka ikkje blir tvungen til å betale for private tilbod når det allereie eksisterer eit offentleg tilbod. Med denne endringa tar det offentlege tilbake styringa over eige budsjett. I kjølvatnet har fleire private og nokre offentlege rusbehandlingstilbod vert stengd. Vestland Arbeidarparti forventar at regjeringa sikrar eit trygt, tilgjengeleg og kompetent offentleg behandlingstilbod for rusavhengige slik at det etablerast truverd i denne omlegginga.

Vestland Arbeidarparti vil:

- At avviklinga av godkjeningsordninga i fritt behandlingsval skal ikkje medføre et dårlegare tilbod til pasientane
- Sikre god kapasitet i det offentlege rusbehandlingstilbodet
- Sikre at viktig kompetanse ikkje vert tapt i omlegging av rusbehandlingstilbodet

R4 Ein bærekraftig klima- og miljøpolitikk

Grøn omstilling

Arbeidarpartiet må i regjering og på Stortinget vise veg i det grønne skiftet. Gjennom Paris-avtalen har Norge forplikta seg til betydelege kutt i klimagassutslepp. Klimaendringane er globale, men årsakene og løysingane er lokale. Derfor skal klima vere ramma rundt all Arbeiderparti-politikk, også på fylkesnivå.

Prosessindustrien i fylket må samarbeide med staten og fylkeskommunen for å utvikle miljøvenlege produksjonsmetodar og sikre tilstrekkeleg fornybar energi. Elektrifisering av transport og industri skapar eit behov for meir kraft, og utfordrar kapasiteten i straumnettet. Energikommisjonen meiner Norge treng 40TWh ny fornybar energi innan 2030, men prisauke på innsatsfaktorar og krig i Europa har pressa utbyggingsprisar og rentekostnader betydeleg opp, som skapar stor usikkerheit om framtidig lønsemd. Vestland fylke har gått føre i omstillinga mot eit nullutsleppssamfunn, men har for små musklar i dette arbeidet.

For å nå Norge sine klimamål om å redusere utsleppa med minst 50% innan 2030 må prosjekt og tiltak som bidreg til reduksjon i utslepp prioriterast. Samtidig må ein sørge for at det blir meir positivitet til kraftutbygging. Vertskommunane for vasskraft må få meir att for den verdiskapinga kraftproduksjonen og den planlagde effektaukinga står for. Kongsenskrafta har i generasjonar vore ein kompensasjon for avstått areal til kraftutbygging. Prinsippet om at denne kompensasjonen skal liggje att i lokalsamfunna må stå ved lag også i framtida.

Fylket har mange urørte naturområde med stort biologisk mangfald. Kommunane som må ta det største ansvaret for vern av natur, og må gjevast fleire virkemiddel for å take vare på naturarealer. Vestland Arbeiderparti er forplikta til å verne om miljøet og jobbe for produksjon av energi med minst mogeleg naturinngrep. Så langt det er råd, må me sikre at løysinga på klimakrisa ikkje forsterker naturkrisa. Utbygging av ny kraftproduksjon i Vestland bør primært skje gjennom oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftverk og vindkraft på land, samt utbygging av havvind og solenergi. Bruk av solenergi kan redusera behovet for nye kraftutbyggingar, senka straumprisar og styrka lokal energiproduksjon, over heile landet.

Vestland Arbeidarparti vil:

- styrke Enova som verktøy i omstillingsarbeidet.
- arbeide for gunstige skattefordelar for næringsliv i omstilling.
- utvikle system og krav til forenkla klimarekneskap for bedrifter innan 2030, med tiltak for bedrifter som fråviker nullutsleppsvisjon.
- styrke fylkeskommunane som utviklingsaktør i det grønne skiftet
- bygge ut fleire hurtigladestasjonar både i by og distrikt.
- styrke forskinga om omstillingsarbeidet, særleg Bjerknessenteret i Bergen med varig finansiering
- ivareta naturmangfaldet på land og under havoverflata i omstillingsarbeidet.
- At gjenbruk av plast i størst mogeleg grad løysast lokalt
- gå vekk frå «Fyrstemann til mølla»-prinsippet for tildeling av kraft.
- prioritere prosjekt som reduserer utslepp og bidreg til å nå klimamåla.
- prioritere prosjekt med samlokalisering av industri og kraftproduksjon.
- sikre at nye prosjekt får tildelt kraft og plass i nettet basert på samfunnsøkonomiske og miljømessige nyttevurderingar.
- at prosessindustrien i Vestland fylke må gjennom utbetring av kraftnettet og auka produksjon av elektrisk kraft, skal sikrast nok fornybar energi til den grønne omstillinga.
- at lokalsamfunn som stiller sine naturressursar til disposisjon for utbygging av kraft skal ha fortrinn som sikrar at ein får meir att i form av lokal verdiskaping og aktivitet.

- innføre eit påbod om å installera solfangarar eller solceller på alle nye bygg og ved omfattande reovering av bygg. Påbodet skal gjelda for offentlege bygg og næringsbygg med grunnflate over 500kvm. Gode statlege tilskotsordningar gjennom Enova er ein føresetnad.
- at staten må stimulera og invitera norsk industri til å vera med på å utvikla havets bevegelse til energiproduksjon. Døme her er å skape energiproduksjon i ope hav basert på den velkjente kompensator teknologien som oljebransjen nyttar seg av.
- At skattesystemet innrettast slik at det blir investert både i anlegg som gjev ny produksjon og i effektanlegg som kan balansere uregulerbar vindkraft og elvekraft.

Naturkrisa

NRK har dokumentert at det forsvinn 17 kvadratmeter natur i minuttet. Utviklinga går i feil retning for naturen, og over år vil dette gje alvorlege samfunnsproblem. Det hastar med å få på plass kraftfulle tiltak for ein betre og meir heilskapleg samfunnsplanlegging.

Kommunane sin økonomi må ikkje vere til hinder for å kunne treffe riktige vedtak kring bl.a.: nedbygging av myr, forvaltning av skog, vern av t.d. gammelskog og regnskog, raudlista artar og naturtypar, også under havoverflata i kystsona, viktige kulturlandskap, handtering av overvatn, opning av bekkar o.l. Det må difor sikrast meir statlege søkbare midlar slik at kommunane i sitt utviklingsarbeid kan treffe rette avgjerder, og sikre tilstrekkeleg kartleggingsarbeid når det kjem til naturmangfald, klima og miljø. Kommunane må også sikrast nok kunnskap og kartleggingskompetanse når det kjem til avgjerder kring bruk av natur til utvikling av fornybar energi, marine verdiar og anna næring i sjø som t.d. oppdrett. Dette gjeld også beregning av karbonlagring og opptak i vegetasjon under havoverflata.

Vestland Arbeiderparti vil:

- opprette ein ordning med eit Miljøombud for å styrke arbeidet med å bevare naturen for framtida og sikre at ingen artar eller naturtypar går tapt.
- legge til rette for sektorovergrepande forvaltning av natur som gjer oss i stand til å følge opp målene i naturavtalen, og herrunder vurdere å tilbakeføre ansvaret for plan- og bygningsloven frå Kommunal- og distriktsdepartementet til Klima- og miljødepartementet.
- sikra meir statlege midlar inn i kommunane sitt kartleggingsarbeid knytt til naturmangfald, miljø og klima.
- arbeide for eit betre naturrekneskap, for å sikre naturvern av sårbare områder.
- arbeide for at fleire kommunale arealplanar er arealnøytrale
- gje kommunane fleire verkemiddel enn dei har i dag for å bevare naturareal.
- begrense hyttefelt som krev enorme naturressursar.
- føre ein aktiv politikk for meir vern etter naturmangfoldloven
- styrka naturens rettssikkerhet.
- arbeide for å etablere eit internasjonalt havmiljøfond.
- at utmarkseiendommene som forvaltast av Opplysningsvesenets fond skal overførast til Statskog for å sikre ein heilheitleg forvaltning av statens utmarkseiendommer som bygger på kompetanse på natur- og viltforvaltning og garanterer allmennhetens tilgong til jakt, fiske og friluftsliv.
- leggje til grunn for all transportplanlegging og utbygging at mobiliteten i 2050 er utan utslepp og utan større arealbeslag enn i dag. Transportetatane sitt ansvar for å følge dette opp må forankrast i lovgjevinga.

R5 Energi

Energipolitisk uttale

Å sikre en stabil og forutsigbar strømpris er sett på som viktig for både husholdningene og industrien. Tempoet i det grønne energiskiftet aukar og er eit resultat av at verden ynskjer at fornybar energi skal erstatte fossil. Parisavtala som Norge har signert, er juridisk bindande og forpliktar medlemslanda å hindre temperaturstigning over 2 grader. I dag er om lag 47 prosent av energien vi brukar fossil. Tiltaket er å kutte utslepp av klimagassar og ambisjonen til Norge er å kutte 55 prosent av utsleppa innan 2030.

Denne målsettinga er både ambisiøs og krevjande, særleg sidan Norge alt i dag har stort innslag av fornybar energi med mykje vasskraft og etter kvart vindkraft på land. Meir utbygging av fornybar kraft vil bety nye teknologiske løysingar med høgare kostnad og nedbygging av natur. Dette vil utfordre både naturinteressene og kraftprisen vi er vande med i Norge.

Skal vi lukkast med å dekke behovet for ny fornybar kraft må vi gjere mange tiltak. Det siste tiltaket vi gjer vil også vere det dyraste og utfordre naturinteressene mest. Energiøkonomisering må vere førsteprioritet, den skånar for nye naturinngrep, men også her vil kvar kilowatt time bli dyrare for kvart tiltak vi gjer. Vel vi dei dyraste løysingane vil også energiprisen bli høg.

Om vi skal få til meir utbygging av fornybar kraft, må tilliten til prosessane styrkast. Handsaming etter Plan- og bygningslova vil sikre naturomsyn og demokratisk deltaking. Vertskommunen må også sjå at ein får. noko att for å vere vertskap for utbygging. Då vasskraft vart bygd sikra ein både inntekter og kraft til distrikts-Noreg.

Ein straumpris som både næring og privatpersonar kan leve med er eit uttrykt mål i Arbeiderpartiet sin energipolitikk. Rein fornybar kraft skal vere eit fellesskaps gode og eit konkurransefortrinn med utlandet. Dette vil igjen trekke utanlandske investeringar til landet, ofte kraftkrevjande industri som igjen aukar behovet for meir kraft.

Norge er tett knytt til Europa gjennom handelsavtalar. Straum er også ei vare som flyt mellom landa. Utan straumkablar til våre naboland ville Norge måtte bygge om lag 40 twh for å sikre seg mot år med lite nedbør. Ap meiner det framleis skal vere straumutveksling mellom land, men ambisjonen vår er ikkje europeiske kraftprisar. Kraft skal vere eit konkurransefortrinn og kraft skal vere ei vare som folk har råd til.

Politisk kontroll

Krafta i Norge er fellesskapet sin ressurs og skal også for framtida i hovudsak vere i offentleg eige. Eigarskapet skal sikre at ressursen blir tilgjengeleg både i form av pris og eit nett som når ut til heile landet.

Det er positivt at norske eigarar, særleg med innslag av offentleg eigarskap, viser interesse for vindkraft på land. Arbeiderpartiet vil at fellesskapsressursen i størst mogleg grad skal vere eigd av offentlege selskap. Dette gir utbygging av nye ressursar meir legitimitet. Vestland Ap meiner at også statlege som Petoro bør ta ei meir aktiv rolle i å realisere meir fornybar energi.

Utanlandskablar er positivt for å sikre nok straum når det er knapt i Norge. Men prissmitte er ei utfordring dersom vi skal sikre konkurransedyktige prisar til industrien og ei straumrekning til å leve med for innbyggerane våre. Difor meiner Vestland Ap at det var rett å stanse vidare arbeid med Northconnect-kabelen mellom Norge og Skottland.

Vestland Ap vil:

- Sikre at kraftpris vert eit konkurransefortrinn i Norge ved å tilby næringslivet langsiktige kraftavtalar
- Ha instrument som vil sikre innbyggjarane mot store utslag på straumrekninga til dømes vidareføring av ein modifisert stauustøtteordning
- Utgreie handlingsrommet for mellomlandsforbindelsar innanfor EØS-avtala

Verdiskaping må ligge att i kommunane

Utbygging av ny fornybar kraft er tidvis konfliktfullt. Klima står ofte imot omsynet til naturvern. Særleg har vindkraftturbinar skapt steile frontar om kor mykje natur ein skal ofre av omsynet til klimakrisa. Dette har resultert i at kommunane har fått vetorett gjennom endring i plan- og bygningslova i spørsmålet om bygging av nye vindkraftparker.

Lokal sjølvråderett i spørsmålet om vindkraftanlegg har vore konfliktdepande i striden om etablering av ny kraft versus naturvern. Likevel er det viktig at det vert lagt intensiv til kommunane for å ofre natur til kraftutbygging. Vasskraftregimet har vore omtykt og gir kommunane både eigedomsskatt og konsesjonskraft. I tillegg har utbygging av fossefalla vore motivert av tilgang til lokale arbeidsplassar. Det betyr både inntekter og lokal tilgang til delar av kraftproduksjonen. Regimet rundt vindkraft har og blitt betre med produksjonsavgift i tillegg til eigedomsskatt.

Men det er framleis manglande ordningar for korleis ein til dømes skal få bygd ut større effektanlegg som pumpekraftverk. Situasjonen i dag er at kommunane vil miste inntekter ved å tillate slike anlegg. Dette må endrast om ein skal få til meir produksjon.

Vestland Ap meiner derfor at:

- Kommunane må sikrast ein større del av inntektene i byte natur. Særleg må regelverket inn mot nye energiformer som pumpekraftverk og liknande etablerast.
- Lokale initiativ for å sikre straum til nær-industri må prioriterast

Meir fornybar kraft

Norge må bygge ut betydeleg meir fornybar kraft dersom vi skal få ned bruken av fossile energikjelder. Det er og heilt naudsynt å produsere meir kraft dersom det er eit mål om å halde kraftprisen nede. For å oppnå dette må vi sjå etter mange løysingar. Energiøkonomisering er det viktigaste tiltaket, det er rimeleg, det skånar naturinngrep og forbrukar mindre byggemateriale. Vi må også satse på vasskraft, vindkraft, solenergi, jordvarme og andre energikjelder som til saman kan gje nok straum til ein fornuftig pris og til ein mest skånsam måte.

Atomkraft er lite nytta i Norge, med unntak av importert kraft. Fleire tek til orde for at dette må vi satse på, den er fri for klimagassutslepp og fotavtrykket er vesentleg mindre enn frå vind- og vasskraft. Ankepunktet er at atomkraft ikkje vil løyse energikrisa fram mot 2030, den har radioaktivt avfall og den blir neppe billig. Det er liten grunn til å tru at norsk atomkraft vil vere rimelegare enn den europeiske.

Norge har lang erfaring i å nytte havområdet til både matauk og energiutbygging. Olje- og gassindustrien har levd side om side med fiskeria sidan Ekofisk i 1969. Havområda har enormt potensiale for havvind utan at ein permanent bygger ned natur. Vestland Arbeidarparti ser stort potensiale for både botnfast og flytande havvind både for å hente ut ny energi og bygge ei ny norsk industrinæring. Det vil og vere naturleg at energiselskapa på sokkelen har eit ansvar for å realisere dette raskt, gjerne i kombinasjon med elektrifisering av olje- og gassproduksjonen.

Det er også viktig at vi gjer lokale tiltak for å auke kraftproduksjonen. Enklare deling av lokal produksjon innan til dømes eit industriområde, kan vere med på å stimulere til «handling lokalt» for

oppnå med enøk og ny kraft. I dette bildet må staten stille opp med nytt regelverk og ei storstilt satsing på tilskot som kan utløyse ny produksjon eller sjølvforsyning. Dette vil igjen minke behovet for nye kraftlinjer.

Vestland Ap meiner:

- Ein må bygge betydeleg med ny fornybar kraft for å nå klimamåla og behovet for nok kraft.
- Er open for å vurdere om kjernekraft som ein del av den langsiktige energimiksen, og er positiv til ei nøytral utgreiing om kjernekraft i Noreg
- Vil ha ei kraftfull satsing på havvind med sterke insentiv for at oljeselskap tek ansvar for elektrifisering av sokkelen.
- Auke satsinga på Enova-tilskot både for energiøkonomiseringa sin del, men også stimulere til lokal produksjon.

Kraftfullt nett

I dag er Norge delt opp i fem prisområde som gir store forskjellar i prisen på straum. Hovudårsaken til ulikskapen er dårleg overføringskapasitet mellom landsdelane. Særleg er sørlege dalar utsett for høge prisar blant anna på grunn av utanlandskablane i området.

I delar av landet fører for liten nettkapasitet til at etablert industri ikkje får utvikle seg og nye initiativ blir skrinlagt. Med eit stort behov for å bygge ut meir kraft i tillegg til at fossil næring skal bli grøn næring, er det behov for enorme investeringar i nytt og meir nett.

Med gode rammeføresetnadar, rein fornybar kraft og ein relativt låg kraftpris er Norge eit ynda land for å bygge kraftkrevjande industri. Dette skaper ytterlegare press på tilgjengeleg straum og behov for nye kraftlinjer. Det gjev også ei utfordring kor ein må prioritere kven som får og ikkje får.

Statnett er den som tildeler straum. Skal vi ha politisk styring med kraftressursane må det kome tydelege politiske prioriteringskriterier til Statnett. I dag er det førstemann til mølla. Med billig grøn kraft vil behovet for meir kraft vere tilnærma uendeleg. Difor må vi utarbeide retningslinjer for prioriteringar.

Vestland Ap vil:

- Bygge eit transmisjonsnett som minkar forskjellane mellom prisområda
- Gje Statnett prioriteringsinstruks. Eksisterande industri må sikrast.
- Sei tydeleg nei til utvinning av kryptovaluta.

R6 Næring og landbruk:

Næring

Arbeid til alle er jobb nummer éin og vår viktigaste oppgåve. Skal vi lukkast med den, må vi utvikle våre eksisterande næringar og legge grunnlaget for nytt næringsliv og ny industri i heile fylket.

Det grønne skiftet og krav om kutt i klimautslepp krev nye løysingar. Næringslivet i vår region har synt at dei på mange område er verdslaiande og evnar å utvikle ny teknologi som kan møte utfordringane i framtida.

Skal Norge lukkast med det grønne skiftet og omlegginga til eit samfunn med 0-utslepp må Vestland lukkast. Dei grønne hubane i Vestland må utviklast vidare og det må leggest til rette for at den eksisterande industrien skal lukkast med omstillinga. For å få til dette er det viktig at samarbeidet mellom styresmaktene og næringa er god, slik at ein får innretta rammevilkår på ein effektiv, føreseieleg og god måte.

Det er viktig at verkemiddelapparatet til næringsføremål er rigga på ein slik måte at det dekkar både eksisterande og nye næringskjeder. Grønt Industriløft 2.0 som regjeringa la fram hausten 2023 er ein god start som svarar på mange av dei utfordringane me står overfor. Men det er viktig at ein utviklar og utvidar denne satsinga, både med fleire midlar og ved å ta inn nye næringar i ordninga.

Skal me få til ny teknologi og ny industri med gode løysingar for det grønne skiftet, må verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge, Forskningsrådet, Enova, Nysnø og Investinor fungera betre og samordnast betre med verkemidla som er tilgjengelege innan EU.

Vestland Ap vil:

- føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og klimavenleg næringsliv.
- satse på dei unge ved å betre lærlingordninga og fagutdanninga. Industriproduksjon vil i framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til kontinuerleg etter- og vidareutdanning.
- ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk industri.
- auke bevillingane til Grønt Industriløft 2.0.
- utvide Grønt Industriløft 2.0 med fleire næringar.
- ha fokus på forvaltning av energiresursane slik at det i framtida vil vere grunnlag for industriproduksjon i landet.
-

Landbruk

Vi treng eit sterkt vestlandslandbruk som produserer trygg og god mat. Dette er viktig for mattryggleik, sjølvberging og berekraft. Landbruket gir arbeidsplassar i heile fylket og grunnlag for ei rekke arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i distrikta. Frukt- og bær dyrking vil vere eit satsingsområde for vår region fordi vi blir rekna for å vere Norge sin frukthage. Vestlandsskogbruket er viktig for lokal verdiskaping og det grønne skiftet. Det må bli meir lønnsomt å produsere mat.

Sjølvforsyningsgrada må opp til 50%. Me må legge til rette for auka planteproduksjon, både til mat og fôr. Det største potensialet for auka sjølvforsyningsgrad er å produsere meir norsk matkorn av kvalitet. Mykje av kornet me produserer i Norge, går til dyrefôr. Meir og betre kornproduksjon vil redusere importbehovet.

Vestland Ap vil

- Sikre vestlandsbonden gode rammevilkår og legge til rette for nye samarbeidsformer som kan gi rekruttering og optimisme i jord- og skogbruksnæringa.

Uttaler og vedtak frå Vestland Arbeiderparti sitt årsmøte 2024

- Auke sjølvforsyningsgrada til 50%.
- Styrke lønnsemda for produksjon av jordbruksprodukt i Norge.
- Sikre importvernet for norsk jordbruk.
- Legge til rette for auka produksjon av matkorn.

R7 Skatt og avgift

For at skattesystemet vårt skal oppretthalda høg tillit og oppslutning i befolkninga, må skattesystemet vårt utformast på ein rettviss måte der dei ulike skattane, og konsekvensane av desse, vert opplevt som rettmessige. Det er viktig med eit føreseieleg skattetrykk og gode, legitime prosessar ved innføring eller endring av skattereglane.

Utforminga av skattesystemet er eit av dei viktigaste verktøya for å styre samfunnsutviklinga vår. I ei tid med aukande forskjellar, omstilling knytt til det grønne skiftet, og eit aukande kraftunderskot, er det derfor viktig at skattesystemet gjev tydelege retningslinjer og insentiv for den vidare samfunnsutviklinga.

Vestland Arbeidarparti vil derfor jobba for følgjande innom skattesystemet:

- Formuesskatt:
 - Botnfrådraget blir bevart som i dag.
 - Sekundærbustadar vert verdsett til marknadspris.
 - Formuesverdi for aksjar og næringseigedom vert verdsett til 80% av marknadsverdi.
- Inntektsskatt
 - Marginalskatt for lønnsinntekt skal ikkje overstiga 50%.
- Stimulering av sirkulærøkonomi mot det grønne skiftet:
 - Utgreie moglegheiter for etablering av panteordningar for nye varegrupper.
- Utjamning av forskjellar
 - Utgreie skattefrådrag for husleigeutgifter på lik linje med renteutgifter.
- Eigedomsskatt
 - Makstak for eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg ref. Eigedomsskattelova §8 B-1 fjerde ledd, vert fjerna.
 - Grunnrenteskatt skal ikkje komma til frådrag i eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg jf. Skattelova § 18-5.

R8 Kommuneøkonomi

Inntektssystemet

Inntektssystemutvalet har i den pågåande revisjonen av inntektssystemet for kommunane, fremja ei rekke forslag til endringar innom inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Det er viktig at arbeidet med revisjonen skapar eit omfordelende inntektssystem, som sikrar at alle kommunar kan gi eit tilfredsstillande tenestetilbod for sine innbyggjarar, som samtidig er tilpassa dei ulike kommunanes føresetnadar og behov.

Inntektssystemet må ta omsyn til dei reelle kostnadane for tenestetilbodet som vert ytt av kommunane. I åra framover vil kommune-Noreg oppleve auka kostnadar knytt til ein stadig eldre befolkning, noko som for dei råka kommunane både vil føra til redusert skatteinngang og auka behov innom helse og omsorgstenestene. Vestland Arbeidarparti vil derfor peika på viktigheita av at kommunesektoren er tilstrekkeleg finansiert og at det i samband med arbeidet om inntektssystemet vert avdekkja underfinansierte statleg initierte reformar.

Inntektssystemutvalet legg i sitt forslag fram at inntekter til vertskommunar knytt til kraftanlegg og havbruk bør inngå i inntektsutjamninga mellom kommunane. I ei tid med aukande kraftmangel, og eit stort behov for auka kraft- og effektutbygging. Vil ei slik endring i føresetnadane for kraftutbygging ha svært negativ effekt for vertskommunanes insentiv for å tillata vidare utbygging og utvikling av kraftanlegg. Dette vil igjen kunne forsinka det grønne skiftet og den storstilte omstillinga norsk fastlandsøkonomi står framføre. Dei grunnleggjande prinsippa for kompensasjon til vertskommunane må derfor oppretthaldast som i dag.

Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:

- eit omfordelende inntektssystem som tek omsyn til ulike kommunar sine føresetnadar og behov.
- ein tilstrekkeleg finansiert kommuneøkonomi.
- kompensasjon til vertskommunar for naturinngrep knytt til kraftanlegg og havbruk må liggje fast som i dag.

Kommunale gebyr vatn og avløp

Utbygging og vedlikehald for vatn og avlaupsanlegg(VA) vert finansiert ut frå eit sjølvkostprinsipp, der kostnadane vert betalt via kommunale gebyr av innbyggjarane i den gjeldande kommune. Det totale VA-etterslepet i Noreg er berekna til ca. 400 milliardar kroner. Noko av dette er grunna auka krav til tryggleik samt pålegg frå EU-direktiv, medan andre delar av etterslepet er grunna utsetting av vedlikehald av anlegg i kommunane.

Statlege støtteordningar til VA vil vera å flytte finansiering frå den enskilde kommune til staten. Dette vil igjen føra til at innbyggjarar i kommunar som allereie har gjort investeringar og over tid har hatt høgare VA-avgifter enn innbyggjarar i kommunar som har skyvd på investeringane, indirekte må vera med å betala for støtteordningane. Samstundes er det viktig å peike på at auka kostnadar knytt til strengare pålegg frå EU-direktiv, råkar kommunane ulikt.

Vestland Arbeidarparti vil derfor:

- arbeida for at det vert gjennomført ei utgreiing for støtteordningar knytt til auka kostnadar grunna pålegg i det kommande EU-direktivet om vann og avløp.
- vurdere støtteordningar, eksempelvis rentefrie lån, for store VA-investeringar

R9 Havbruk

Havbruksnæringa har dei siste 50 åra gått frå å vera ei attåttnæring for fiskarbønder til å bli Noregs nest største eksportnæring. Veksten i næringa har skapt nye arbeidsplassar, høge skatteinntekter og næringsutvikling i lokalsamfunna. Samstundes har næringa og den store veksten skapt store utfordringar knytt til lakselus, fiskehelse, rømming og utslepp.

Vestland Arbeidarparti skal vera ein pådrivar for ei framtidretta næring, som legg til rette for berekraftig vekst kombinert med sterk reduksjon av miljøavtrykk for fjordane og kysten vår. For å få til dette, må det leggjast til rette for tydelege insentivordningar som stimulerer næringa til å gå frå tradisjonelle opne merdar, til teknologiske løysingar med eit lågare miljøavtrykk, som til dømes lukka eller semi-lukka anlegg.

6. mars 2024 vart statusen til produksjonsområda for dei neste to åra i trafikklossystemet offentleggjort. Produksjonsområda 3(PO3, Karmøy til Sotra) og 4 (PO4, Nordhordland til Stadt), som ligg i Vestland fylke, er i dag dei einaste produksjonsområda som har raud status. Produksjonsområde med raud status kan få pålegg om å redusera sin produksjonskapasitet med 6 prosent. For PO3, som for andre gang får redusert produksjonskapasitet, er produksjonskapasiteten derfor totalt redusert med 12%, medan for PO4, som for tredje gang får redusert produksjonskapasitet, vert produksjonskapasiteten redusert med totalt 18%.

For å sørge for ei betring av miljøavtrykket vil Vestland Arbeidarparti arbeida for eit pilotprosjekt for bruk av teknologiske løysingar som semi-lukka og lukka anlegg i sjø. Pilotprosjektet må knyttast mot Havforskningsinstituttet i Bergen, som ein uavhengig forskingsaktør. Prosjektet må vidare gje tydelege insentiv for næringa til å gå over til teknologiske løysingar som vert målt etter berekraftmål innom lakselus, fiskehelse, rømming og utslepp. Slike insentiv kan for eksempel vera miljøfleksibilitetsordningar, der havbruk med tilfredsstillande teknologiske løysingar får tillating til auka total MTB ved anlegga.

Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:

- Berekraftig vekst innom havbruksnæringa i Vestland.
- Etablering av pilotprosjekt for berekraftige teknologiske løysingar innom produksjonsområde 3 og 4.
- Lågare miljøavtrykk for havbruk.

R10 Gruvedrift

For at verden skal gjennomføra det grønne skiftet er det eit stadig større behov for tilgang på ulike råmateriale. Råmateriale som vert nytta til mellom anna mobiltelefonar, datamaskinar, vindturbinar, elbilar og solceller. Samstundes er verdikjedene i verdssamfunnet sårbare og under stort press, noko konsekvensane av Russlands krigserklæring mot Ukraina var ei påminning om. Det er derfor av stor betydning at Noreg og allierte land sikrar trygge verdikjeder for sjeldne metall og råmateriale, og aukar sjølvforsyningsgraden av desse. Dette vil krevje auka gruvedrift, også i Noreg.

Samstundes vil gruvedrift både på land og til havs innebera til dels store naturinngrep. Naturinngrep som mange stadar vil vera irreversible. Det er derfor viktig at utvida gruvedrift vert gjort på grunnlag av gode konsesjonsprosessar og grundige konsekvensutreiingar. Eventuell etablering av gruvedrift på havbotnen må gå føre seg med stor grad av forsiktighet og må vera forankra i eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Norge bør støtte opp om og fronte ein internasjonal innsats for å skaffe nok kunnskap til å evaluere effektane av ein slik industri på miljø og biomangfold i havene. Kunnskapsinnhentinga bør skje hjå uavhengige forskningsmiljø, og ikke hjå private selskap med interesser i gruvedrift på havbotnen.

Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:

- Grundige konsekvensutreiingar ved etablering eller utviding av gruveområde.
- At utilstrekkeleg kunnskap om miljøeffektar skal føre til at prosjekt settes på pause eller leggast bort.
- Auka støtte til uavhengige forskningsmiljø for forskning på gruvedrift på havbotnen.

R11 Føreseieleg og effektiv CO2-kompensasjon

Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti er særst nøgde med semja mellom regjeringa og partane om ein føreseieleg og effektiv CO2-kompensasjon. Forslaget sikrar at det no kjem på plass ei CO2-kompensasjonsordning, som gir industrien føreseielege rammevilkår, og eit effektivt vern mot CO2-prissmitte i kraftprisen.

Det er og svært gledeleg at 40% av kompensasjonen bedriftene får skal nyttast til klima- og miljøtiltak i Norge. Dette sikrar store investeringar i norsk industri samtidig som det bidrar til reduserte utslepp og energieffektivisering.

CO2-kompensasjonsordninga er avgjerande for å sikre like konkurransevilkår for norsk industri. Sjølv om norske industribedrifter bruker 100 % fornybar kraft, vert kraftprisen påverka av CO2-prissmitte frå Europa. Det gjer at krafta vert vesentleg dyrare enn den elles ville vore.

Ifølge Statnett vil europeiske CO2-prisar om få år utgjere 40 % av norsk kraftpris. NVE seier at europeiske CO2-prisar, saman med eit svekka norsk kraftoverskot, er dei viktigaste årsakene til at kraftprisen vil auke i Norge fram mot 2030.

Vestland Arbeidarparti vil gje honnør til regjeringa og klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen for prosessen i etterkant av framlegginga av statsbudsjettet. Me har lang tradisjon for samarbeid mellom partane i arbeidslivet i kompliserte saker, som t.d. saker som omhandlar rammevilkår. Det er difor ekstra gledeleg at dialogen mellom regjeringa og Industri Energi & FLT, Fellesforbundet og Norsk Industri førte til ei semje som alle kan stille seg bak. Det er slik Arbeiderpartiet skal drive fram politiske løysingar i denne type saker.

Denne semja bidreg og til å understreke noko av det viktigaste i politikken til Arbeidarpartiet. Me må skape for å dele! Med trygg økonomisk styring, føreseielege rammevilkår og ein aktiv næringspolitikk, legg me grunnlaget for at næringslivet kan auke verdiskapinga i heile landet.

Vestland Arbeidarparti forventar no at dei andre partia på Stortinget sluttar seg til dette forslaget frå regjeringa og partane i arbeidslivet.

R12: OPPVEKST OG KOMPETANSE

Arbeiderpartiet har som mål at alle barn skal kunne leike, lære og utvikle seg i trygge omgjevnader. Barnehage, skule og SFO er viktige fellesarenaer som må vere tilgjengelege for alle barn på lik linje med kulturtilbod, idrett og andre fritidsaktivitetar. Derfor må fellesskapet ha gode tilbud til alle barn og unge, også dei som behov for ekstra hjelp og støtte.

Mange barn veks opp i familiar med utfordringar. Fellesskapet skal stille opp for familiar og barn som treng det. Det er også viktig med tiltak for å stimulere til at fleire vel å få barn.

Barnehage

Bemanninga i barnehagen må vere tilstrekkeleg for å sikre pedagogisk kvalitet. I dag er minimumsnorm at barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn når barna er under tre år, og ein tilsett per seks barn når barna er over tre år. Grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida.

Barnehagelova seier at alle born skal ha eit godt psykososialt miljø. For å sikre at alle born får det, trengs det nok personale som er observante og til stades heile dagen.

For få vaksne fører ofte til at pedagogane ikkje får nytta den avtalefesta plantida si. Plantida til barnehagelærarane vert brukt til planlegging, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet i barnegruppa. Pedagogane må få tid til å utføre sine oppgåver utan at det går ut over bemanningstettleiken.

Det er viktig å sikre at tilsettei barnehagen får moglegheit til vidareutdanning gjennom vikar- eller stipendordning. Når desse er i etter- eller vidareutdanning må ein sikre at ein opprettheld tal tilsette som har direkte kontakt med barna i barnehagen.

Skole- og utdanning

Det er grunnskulen, den vidaregåande skulen og høgare akademisk- og yrkesfagleg utdanninga som er grunnmuren for kompetanse i Noreg, men i ei verd som er i stadig endring og kor arbeidstakarane kanskje må skifte jobb fleire gonger i livet, må vi også gje moglegheita til å lære heile livet ved å ta etter- og vidareutdanning i kombinasjon med arbeid. Med nye digitale læringsressursar og kunstig intelligens er det også nødvendig å sjå på om dagens vurderings- og eksamensordningar må endrast.

Mangel på kvalifisert personell blir ei svært stor utfordring i heile kommune-Noreg i tiåra framover. Vi lyt heile tida jakta nye løysingar på korleis vi skal oppretthalda tenestetilbod og løysa oppgåver. Ved å setje fagarbeidaren høgt og sikra kvalifisering av folk inn i arbeidslivet, tek Arbeidarpartiet ansvar for velferdsstaten og fellesskapet. Kommunane må ta sitt ansvar for å sikra nok kvalifisert arbeidskraft slik privat næringsliv gjer i sine bransjar, og slik til dømes Kvinnherad og Alver kommunar har gjort. Her har partane i arbeidslivet ei viktig rolle.

Dei vidaregåande skulane er viktige regionale utviklingsaktørar, og legg grunnlaget for vekst og utvikling i heile regionen. Ein desentralisert skulestruktur og et variert programtilbod i samarbeid med lokalt næringsliv og kommunar kan bidra til å sikre kompetanse og utvikling for framtida.

Ein betre kvardag for studentar

Vestland Arbeidarparti menier det er eit grunnleggande prinsipp at alle skal ha like moglegheiter til å ta høgare utdanning. Vi menier studentars moglegheit til å ta utdanning ikkje skal begrensast av dårleg økonomi. Vårt mål er å sikre at alle studenter, uavhengig av livssituasjon og bakgrunn, har rettferdig og lik tilgang til høgare utdanning. Eit avgjerande verktøy for å sikre dette er studiestøtta.

Vestland Arbeidarparti viser til at Arbeiderpartiet gjennom heile si tid i regjering har auka studiestøtta. Årets auke på 10% er den største auke på svært lang tid, og Vestland Arbeidarparti meiner det har vore ein nødvendighet. For å sikre studentars økonomiske tryggleik mener Vestland

Arbeidarparti at det er på tide å knytte studiestøtta til årleg justering gjennom å vere knytt til grunnbeløpet i folketrygda, G, og at studiestøtta aukar ytterlegare.

Vestland Arbeidarparti vil:

- sikre og fullfinansiere ei endring i barnehagelova slik at bemanningsnorma i barnehage gjeld for heile opningstida.
- Sikre eit godt vidaregåande opplæringstilbod for elevane i alle delar av fylket. Dette inneber ein berekraftig balanse mellom ein desentralisert skulemodell og eit variert programtilbod
- nye digitale læringsressursar og kunstig intelligens gjer det nødvendig å sjå på om dagens vurderings- og eksamensordningar må endrast.
- Arbeide mot kommunane for å sikre fleire læreplassar i offentleg sektor, særleg innanfor velferdsyrka, og at det er samsvar mellom tilgjengelege læreplassar og skuleplassar. Det skal talfestast eit minimum på 3 kommunale lærlingar per 1000 innbyggjar i kommunane og fylkeskommunane.
- Arbeide for å styrke ordninga fagbrev på jobb og utvikle modellar for modulstrukturert opplæring for vaksne.
- Arbeide for at fleire fagarbeidarar kan ta bachelor- og masterutdanning gjennom Y-vegen. Dette gjeld særleg innan barnehagefag, helsefag og tekniske fag.
- Knytte justering av på studiestøtta til grunnbeløpet i folketrygda.
- Auke studiestøtta ytterlegare til 1,5 G.

R13 KULTUR

Vestland har eit breitt og mangfaldig kulturliv, og uavhengig av kor ein bur skal alle ha eit godt kultur- og idrettstilbod. Vestland er også ein viktig region for språkmangfald, mellom anna med sterke nynorsktradisjonar og som heim til fleire dyktige forfattarar. Vi har eit nasjonalt ansvar for å styrke nynorsken sin posisjon i Norge.

Bergen er motoren til kulturlivet i Vestland og den einaste byen som kan konkurrere om å vere den andre kulturbyen i Norge etter Oslo. Bergen skal vere det andre kulturelle hovudpunktet i Norge, med blikket retta utover landegrensene våre. Skal ein få til dette må blant anna skeivfordelingen av kulturmidlar jamnast ut og Bergen få sin rettmessige del.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Arbeide for å etablere besøksenter for nobelprisvinnar Jon Fosse i Strandebarm i Kvam
- Arbeide for å styrke dei store kulturinstitusjonane i Bergen frem mot Kulturbyåret 2036.
- Arbeide for at regjeringa prioriterer viktige kulturinstitusjonar utanfor hovudstaden i kommande budsjett blant desse Kode, Bergen Filharmoniske Orkester og Bergen Nasjonale Opera.
- At brot på forskrifta om målform i eksamensoppgaver bør få konsekvenser, til dømes gjennom tettare oppfølging av Språkrådet.

R14 Stans krigshandlingane på Gazastripa

Den 7. oktober 2023 gjennomførte Hamas et brutalt terrorangrep mot Israel hvor inntil 1200 mennesker ble drept. Som svar på dette har Israel gått til en brutal krig utenfor alle proporsjoner mot Hamas og befolkningen i Gaza, noe som per dags dato har krevd over 31000 menneskeliv. Av disse er det anslått at 21000 er kvinner og barn. Samtidig med krigen er trafikken for humanitær nødhjelp strupet, og det rapporteres om sult og hungersnød i Gaza. Den humanitære katastrofen er total, og Israels krigføring er i strid med folkeretten. Det er totalt uakseptabelt!

Det hastar å få frem nødhjelp og innføre ei varig våpenkvile.

Som alltid i krig er det dei svakaste som betaler den høgaste prisen. Aldersgruppa øvst på dødsstatistikken er 5-åringar. Barn skal gå i barnehage og på skule, og ikkje døy eller bli skadde i krig. Noreg må ta tydeleg avstand fra krigshandlingar i folkesette område og jobbe for å styrkje plikta verdssamfunnet har til å verne barn i krig.

Israel hindrar tilførsel av vatn, mat og medisinar til befolkninga på Gazastripa, noko som fører til ytterlegare lidingar blant sivilbefolkninga. Behovet for nødhjelp er vorte prekært. Verdenshelseorganisasjonen (WHO) melder at barn har døydd av matmangel nord i Gaza. Vatn, elektrisitet og sement må kome inn for at øydelagt infrastruktur skal kunne reparerast. Noreg må vere ei tydeleg stemme for at blokaden blir oppheva, og for at nødhjelpa kjem inn til dei som treng ho.

Brot på folkeretten må få konsekvensar. Noreg og andre vestlege land må vere villige til å setje makt bak kravet til Israel om å få slutt på krigføringa.

Økonomiske sanksjonar mot Israel vil vere ein verknadsfull reaksjon. Derfor vil me jobbe for eit forbod mot handel med varer og tenester som har opphav i dei okkuperte områda. Statens pensjonsfond utland må selje seg ut av alle dei israelske selskapa, og alle selskap som bidreg til brot på folkeretten og menneskerettane i dei okkuperte områda. Noreg bør gå i spissen for internasjonale sanksjonar mot Israel så lenge den folkerettsstridige krigføringa held fram.

Noreg bør forplikte seg til ein massiv humanitær hjelpepakke og til å bidra til gjenoppbygginga av Gaza i åra framover. Folkeretten og rett palestinarane har til sjølvstyre må liggje til grunn for alle politiske prosessar. Noreg bør fordømme og arbeide mot folkerettsstridige busetjingar på Vestbreidda, auke støtta til UNRWAs humanitære arbeid i Gaza, og så snart som mogleg anerkjenne Palestina som ein sjølvstendig stat.

Angrepa mot palestinarane er israelske styresmakter sitt ansvar åleine. Arbeidarpartiet tek total og utan atterhald, avstand frå all antisemittisme og rasisme. Situasjonen i Midtausten stiller oss på prøve, og me må sikre at verdiane og prinsippa for folkeretten og menneskerettar vert varetekne.

Arbeiderpartiet har lang tradisjon for å stå saman med undertrykte folk. Solidariteten vår stoppar ikkje ved landegrensene. Arbeidarpartiet har alltid kjempa for fridom og likeverd for alle. Dette er verdiar me må stå opp for, og det er på høg tid at me følgjer opp med handling.

Vestland Arbeidarparti:

- Fordømmer Israel sin invasjon, okkupasjon, og blokade av Gazastripa.
- Vil at Noreg skal fordømme Israel si krigføring og brot på folkeretten og jobbe aktivt for å få på plass ei varig våpenkvile.
- Vil at Noreg forpliktar seg til ein massiv humanitær hjelpepakke og til å bidra til gjenoppbygginga av Gaza.
- Held fast på målet om en tostatsløsning og vil at Noreg så snart som mogleg anerkjenner Palestina som ein sjølvstendig stat.

Uttaler og vedtak frå Vestland Arbeiderparti sitt årsmøte 2024

- Vil jobbe for eit lovfesta forbod mot handel med varer og tenester produsert på ulovleg okkupert jord, og frå selskap som medverkar til brot på folkeretten og menneskerettar i ulovleg okkuperte område.
- Vil at oljefondet sel seg ut av alle dei israelske selskapa, og alle selskap som bidreg til brot på folkeretten og menneskerettane i dei okkuperte områda.
- Meiner at Noreg bør gå i spissen for internasjonale sanksjonar mot Israel så lenge den folkerettsstridige krigføringa held fram.

R15 Sikre rettane til papirlause og einslege mindreårige asylsøkjjarar

Det er vanskeleg å talfeste nøyaktig kor mange papirlause flyktningar det er i Noreg, men Statistisk Sentralbyrå estimerer at det er om lag 18 000 per i dag. Desse har fått endeleg avslag på søknad om opphald i Noreg, og er ikkje ønska tilbake av myndigheitene i heimlandet deira. Nokre av dei risikerer å bli drepne dersom dei reiser tilbake til heimlandet sitt. Dei har ikkje rett til utdanning, å jobbe i Noreg eller helsehjelp. Dei har 70 kroner dagen til livsopphald.

Å leve i ein slik limbo er øydeleggjande for den som blir utsett for det, og det er uverdigg for eit sosialdemokratisk, humant samfunn. Dette gjeld særleg for foreldre som får utvisningsvedtak, utan at ein tek omsyn til dei alvorlege belastningane barna vert utsette for. Det er urimeleg å setje "innvandringsregulerande omsyn" framfor dei djupt menneskelege omsyna det her er tale om.

Einslege barn og unge som kjem til Noreg og har begynt å slå rot, er integrert med vener og aktivitetar i sine nærmiljø, har lært seg norsk og er i gang med skule med sikte på ei framtid her. Vi må hindre at dei flyktar på nytt og forsvinn, med fare for å hamne i kriminelle miljø. Det er ikkje rettsstaten verdig å sende sårbare unge ut når dei blir 18 år.

Vestland Ap vil sikre rettane til papirlause flyktningar og einslege mindreårige asylsøkjjarar og gje dei ein sjanse til å skape eit verdig liv. Vestland fylke har gått føre i arbeidet for at papirlause flyktningar skal få oppfylt sine grunnleggjande rettar. Fylkestinget medgir at «papirlause migrantar har helseutfordringar og ikkje tilgang til grunnleggjande menneskerettar i Vestland og Noreg» (PS103/2022). Papirlause står i eit utanforskap, med mykje menneskeleg lidning og usikkerheit. Helsesenteret for papirlause migrantar og andre gjer uvurderlig hjelp, men staten har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at menneskerettane blir respektert og etterlevd. I dag er staten si regulering ei direkte årsak til uverdige livsforhold.

Vestland Arbeidarparti:

- vil at papirlause flyktningar skal få gratis helsehjelp, og moglegheit til å gå på norskkurs og til å skaffe seg ein jobb.
- mener at omsynet til barnets beste skal kunne gis avgjerenda tyngde i utvisingssaker
- krev varig opphald for einslege mindreårige asylsøkjjarar og vil greie ut amnesti for ureturnerbare langtidsbuande vaksne asylsøkjjarar
- vil at dagens unntaksreglar i forskriftene til Pasient- og brukerrettighetslova, Sosialtenestelova og Utlendingslova vert revidert for å sikre bestemmelsar som tilfredsstillar menneskerettslege krav.

R16 Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem. Mellom 1992 til 2021 hadde meir enn 100 000 personar i Noreg opphald på krisesenter. Krisesentera får 20 000 førespurnadar årleg. Partnardrap utgjer eitt av fire drap i Noreg, og i 7 av 10 tilfelle er det registrert vald mellom partnarar i forkant. Antall innkomande samtalar til valds- og overgrepstelefonar er også blitt dobla. Ei samfunnsanalyse rekna at vald i nære relasjonar kosta samfunnet 92,7 milliardar kroner i 2021, sjå Prop 36 S. (2023-2024) s. 9.

Den største kostnaden ber likevel dei som er utsette for vald og deira pårørande. Kjønnbasert vald er ei urett som rammer kvinner og jenter i langt større grad enn menn og gutar. Det er eit hinder for utvikling, likestilling og integrering. Dei som lever i frykt for vald og overgrep, kan ikkje delta fullt ut i samfunnet eller leve gode liv. Kampen mot kjønnbasert vald er ikkje berre eit spørsmål om rettferd, men også ein naudsynt føresetnad for å byggje eit samfunn basert på likeverd, tryggleik og respekt for alle. Denne forma for vald tek mange former, inkludert fysiske, seksuelle og psykiske krenkingar, og skjer både i det private og offentlege rom.

Vald i nære relasjonar har mange offer. Barn som er vitne til partnervald, kan få traumar resten av livet. For barn kan det å vere vitne til vald mellom foreldre eller andre vaksne omsorgspersonar, ha tilsvarende skadeverknad som det å bli direkte utsett for vald sjølv, sjå Meld. St. 15 (2012-2013).

Samfunnet må jobbe langs fleire spor for å møte problemet. Det førebyggjande arbeidet er tilpassa tiltak og behandlingstilbod retta mot personar som står i fare for å utøve eller utøver vald. Vestland Arbeidarparti meiner at meir ressursar må settast av til å hjelpe dei som utøver valden, til dømes auka ressursar til sinnemeistring, åtferdsterapi m.m. I tillegg må det jobbast for auka forståing og kunnskap i statlege organ om fenomen som negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, migrasjonsstress, flukterfaringar, tap av språk, tap av status og kjende referanserammer som risikofaktorar.

Sidan domstolane i 2013 fekk heimel til å leggje såkalla "omvendt valdsalarm", har påtalemakta bede om det i 232 saker. Det er blitt innvilga i berre 105 saker, altså i under 50% av tilfella. I 2022 kom Riksrevisjonen med alvorleg kritikk av myndigheitene sin innsats mot vald i nære relasjonar. Vestland Arbeiderparti vil at omvendt valdsalarm må bli hovudtiltaket for menneske med besøksforbod, og bør brukast i større omfang enn i dag. Påtalemakta si avgjerd om å legge elektronisk kontroll skal som hovudregel bringast inn for domstolane for prøving.

Omvendt valdsalarm vil gje auka tryggleik til ofra og byrda for besøksforbodet bør vere lagt til dei som vert ilagt besøksforbodet. Risikosituasjonen kan då verte avvega raskare av politiet ved brot. Endringane er foreslått å gjelde frå 1. juli i år, men bør innførast så raskt som mogleg.

Saker om vald i nære relasjonar er av ulik karakter, og omfattar meir enn det ein tradisjonelt har sett på som nær relasjon, innanfor «huset sine fire veggar». Det utfordrar både lovgjeving, rettsvesen, hjelpeapparat og likestillinga i samfunnet vårt. Det angår oss alle.

Vestland Arbeidarparti:

- vil og forsterke moglegheita påtalemakta har til å gjeve omvendt valdsalarm utan forutgåande rettsleg kjennelse i tilfelle der det føreligg risiko for liv og helse.
- vil at det blir avsett fleire midlar til regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar for perioden 2024-2028 (Prop 36 S. (2023-2024)), med særskilt fokus på spreiaing av RISK-modellen til fleire politidistrikt.
- vil at kommunar skal påleggjast å utarbeide handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.
- vil ha ei reell styrking av krisesentertilboda.
- vil at kunnskap om og rutinar i tilknytning til risikofaktorar vert auka i alle offentlege etater (NAV, barnevernstenesta, helsetenesta, skulevesen, politi, påtalemakta, domstol, mv)

Uttaler og vedtak frå Vestland Arbeiderparti sitt årsmøte 2024

- vil at lovreglar om avvergingsplikt blir gjort meir lettfattelege, for å m.a. unngå at tausheitsplikt blir eit utilsikta hinder for å avverge vald i nære relasjonar og gjere naudsynte inngrep.
- vil at meir ressursar vert sett av til å nå og hjelpe dei som utøver valden, for eksempel auka ressursar til sinnemeistring, åtferdsterapi m.v., i samband med besøksforbod og andre indikatorar på aggresjons- og valdsutøving.
- vil arbeide for å betre straffelova sine avgjerde om vald i nære relasjonar, særleg med tanke på definisjonen av “nær relasjon”. Det bør ikkje vere eit kriterie å høyre til same husstand for å vere i ein nær relasjon – dette fører til at til dømes kjærastepar som ikkje bur saman, og æresrelatert vald, kan gå under radaren.
- vil arbeide for å senke terskelen for tiltak når valdsutsette søker hjelp.
- vil stimulere til meir forskning på motiva bak partnerdrap og arbeide for å auke kunnskap om æresrelatert vald i minoritetsfamiliar.

R17 Samferdsel

Vestland Arbeiderparti fattet under årsmøtet 2023 et helhetlig vedtak om den kommende Nasjonal Transportplan. Dette vedtaket la grunnlaget for Vestland Arbeiderparti sine innspill til NTP. Styret i Vestland Arbeiderparti har nå varslet at den vil kalle inn til et eget representantskapsmøte for å behandle NTP-en etter at den er lagt frem.

Grunngjevinga for dette er at regjeringa sin NTP blir, i motsetning til tidlegare NTP-ar, lagt fram midt i ein stortingsperiode, og berre eit par dagar etter at VAP har gjennomført sitt årsmøte. NTP-en som blir lagt frem er basert på samferdselsuttaler frå de forskjellige fylkeslagene frå 2023. For å få realistiske diskusjonar om innspel til den framlagde NTP-en er det hensiktsmessig å vente til denne er lagt frem.

Regjeringen har varslet at NTP-en vil legges frem som en stortingsmelding 22. mars. Styret i Vestland Arbeiderparti har varslet et representantskap 4. mai for å behandle denne og gi Vestland Arbeiderparti sine innspill til stortingsgruppa's behandling av NTP-en.

Redaksjonskomiteen ber om fullmakt fra årsmøtet til å få virke videre til og med representantskapsmøtet 4. mai. Redaksjonskomiteen vil ta med alle forslagene om NTP i arbeidet frem mot representantskapsmøtet. Vi ber også kommunepartiene om å komme med innspill Vestland Arbeiderpartis uttale om NTP når den foreligger.

Redaksjonskomiteen vil arbeide etter følgende frister:

- 22 mars: NTP offentliggjøres
- 15 april: frist for å sende innspill til uttale fra VAP
- 30 april: første utkast fra redaksjonskomiteen

Vedtak: Saker som omhandler NPT oversendes representantskapsmøte 4. mai. Årsmøtet sin redaksjonskomitee får fullmakt til å virke videre frem til og med representantskapsmøtet 4. mai.

Enkeltforslag vedtatt på årsmøtet

Kommunar må kunne ta i mot flyktningar utan å tape økonomisk

Verda er uroleg, og ein forventar rekordmange flyktningar til Noreg i 2024. Kommunar blir nå bedne om å busetta i stortilt skala og meskal sjølvstøtt hjelpa. Mange kommunar har store ekstrakostnader og press på tenestetilbodet når behovet for busetting er så stort. Kommunane må få kompensert slik at busettinga held fram.

Vestland Arbeiderparti meiner at:

- Kommunen sine ekstrakostnader i samband med å ta imot flyktningar må bli dekkja av staten.

Vest-Sahara må bli fri

Siden 1975 har Vest-Sahara vært under marokkansk okkupasjon. Landet omtales ofte som Afrikas siste koloni. Nær halvparten av det saharawiske folk bor i flyktningleirer i Algerie, den andre halvdel som bor i Vest-Sahara utsettes daglig for grove brudd på menneskerettighetene. FN sine fredsbevarende styrker i landet, har ikke lov til å dokumentere menneskerettighetsbrudd i henhold til mandatet de er gitt. Ethvert forsøk fra FN på å legge press på Marokko, har blitt blokkert av Frankrike i sikkerhetsrådet. Siden 2007 har norske myndigheter frarådet norske selskaper i å drive handel eller annen næringsvirksomhet. Flere selskaper har imidlertid valgt å se bort ifra denne frarådingen.

Vestland Arbeiderparti vil:

- Se på muligheten for å forby norske selskaper fra å drive handel eller annen næringsvirksomhet i Vest-Sahara
- Legge økt press på Frankrike som i sikkerhetsrådet aktivt bidrar til å opprettholde Marokko sin folkerettsstridige okkupasjon av Vest-Sahara
- Jobbe for å FN-styrken MINURSO kan rapportere om menneskerettighetsbrudd i Vest-Sahara
- Norge må så snart som mulig anerkjenne Vest-Sahara som en selvstendig stat

Nord-Korea og nedrusting av atomvåpen

Nord-Korea er et av landene som har et pågående arbeid med å utvikle atomvåpen, så langt for å true sine naboland og ikke minst USA. De har også utviklet en stor våpenindustri som går på bekostning av en befolkning som er undertrykt, isolert og utsatt for hyppige sultkatastrofer. Landet har bidratt sterkt til å destabilisere regionen sin, spesielt mot Sør-Korea og Japan. Så langt har Kina vært Nord-Korea sin største og til dels eneste støttespiller. Vi ser nå at Russland har inngått samarbeid med landet, i bytte mot våpen og ammunisjon som blir brukt i krigen mot Ukraina. Det utrolige er at Nord-Korea langt på vei ser på Europa og Ukraina som et testområde for Nord-Koreanske våpen og granater. Vi ser altså at ikke-demokratiske land samler seg i kampen mot den frie verden, og at vestlige systemer blir forsøkt undergravd. Vi må hegne om vårt demokrati og styresett. Det er en kontinuerlig kamp som må vinnes hver dag. I Ukraina ser vi konsekvensene hvis totalitære styresett prøver å vinne fram. En av konsekvensene er trussel om bruk av atomvåpen og hvem som har den største "røde knappen".

Vestland Arbeiderparti støtter Arbeiderpartiets målsetting om atomvåpennedrustning og styrking av arbeidet med ikkespredningsavtalen NTP. Den pågående krigen i Ukraina har vist at atomvåpen fremdeles aktivt brukes som trussel.

Åtak på Jemen

Norge bør ikkje ta del i krigshandlingar mot Jemen for å forsvare sjøtrafikkkorridoren i Raudehavet, men halde seg nøytrale. Kortsiktig vil det ha negative konsekvenser for norske rederi at det foregår åtak på handelsflåten. Dette er sjølvstendig uheldig, men det finst ei alternativ led. Om ein legg seg på ei aggressiv amerikansk linje, vil ein på lang sikt få ei meir utrygg passering langs både Somalia og Jemen. Det er ikkje strategisk lurt av Norge og norsk handelsflåte å skaffe seg fiender i denne regionen. Situasjonen må løysast med diplomati og forhandlingsvilje.

Forsvar

Siden 1990-tallet har den europeiske forsvarsevnen blitt redusert betydelig, og vår viktigste sikkerhetspolitiske partner, USA, har flyttet sitt strategiske fokus mot Asia og Kina. I lys av dette er helt klart at europeiske stater må ta et større ansvar for forsvar og sikkerhet i Europa. Som et land med en enestående sterk økonomisk posisjon og en godt fundert sosialdemokratisk politikk, er det både viktig og riktig at Norge tar sin del av dette ansvaret. I Forsvarskommisjonens rapport (NOU 23:14) ble det slått tydelig fast at Norges forsvar og beredskap må styrkes betraktelig de kommende årene. Situasjonen er alvorlig, og Arbeiderpartiet må vise handlekraft. Dette fordrer umiddelbare budsjettløft, etterfulgt av ekstraordinære bevilgninger over flere år. I tillegg må vi raskt øke bemanningen i forsvaret. Økt antall elever på krigsskolene, økt antall vernepliktige og gjeninnføring av befalsskoler er viktig for dette. Forsvarskommisjonens rapport og forsvarssjefens fagmilitære råd har gitt gode grunnlag for iverksettelse av tiltak fra regjeringen.

Vestland Arbeiderparti vil:

- Bevilge en krisepakke til innkjøp av nødvendig militært materiell for å fylle forsvarets og sivile beredskapslagre.
- Styrke Forsvaret basert på Forsvarskommisjonens anbefalinger.
- At regjeringen skal sikre at forsvarsbudsjettet når et nivå på minst 2 % av BNP.
- Sikre økt produksjon av ammunisjon og sikre forutsigbare rammevilkår for forsvarsindustrien.
- Øremerke midler til luftvern av forsvarskritiske byer som Bergen, Oslo, Trondheim og Bodø.
- Sikre mobilt luftvern til Hærens manøverbataljoner og kritisk infrastruktur.
- Sikre økt utholdenhet og forsvarsvilje gjennom en varig økning i inntaket til allmenn verneplikt og innføre en sivil verneplikt for krigsudyktige og militærnektere.
- Sivil verneplikt skal fortrinnsvis gjennomføres i helsevesenet, naturvern og sosialt arbeid.
- Øke inntak på sjø- og krigsskolen og sikre en forholdsmessig befalsutdanning.
- Styrke arbeidet med å støtte opp ein regelstyrt internasjonal orden, også gjennom å reagere sterkt mot dei som bryt denne.
- Utarbeide ein handelspolitikk som gjer Noreg mindre sårbar for internasjonalt politisk press.

Fortsatt solidaritet med Ukraina

Norge gir gjennom Nansen-programmet omfattende sivil og militær støtte til Ukraina, og Norge følger opp sine internasjonale forpliktelser med å ta mot ukrainske flykninger. Russland utsetter ukrainerne daglig for et brutalt militært angrep som er et grovt brudd på folkeretten, og det er allerede grundig dokumentert av blant andre FN, at russiske styrker har begått omfattende alvorlige krigsforbrytelser. De russiske krigsforbrytelsene er blant annet angrep direkte angrep på sivile, tortur,

kidnapping og skjending av døde. Arbeiderpartiet i Bergen vil uttrykke sin fulle solidaritet med befolkningen i Ukraina, og oppfordre våre myndigheter til å med uforminsket styrke støtte deres kamp for frihet og kontroll over sitt eget territorium. Vi kan ikke godta at Russland vinner fram gjennom vold, krig og okkupasjon.

Vestland Arbeiderparti ber regjeringa:

- Fortsatt være en pådriver internasjonalt, for økt humanitær og militær støtte til den ukrainske befolkningens kamp for liv og frihet.
- Arbeide internasjonalt for mer effektive økonomiske sanksjoner mot Russland og Belarus.

Stopp av utrangerte norske fiskefartøy til fiske ved Afrika

En ny undersøkelse knyttet til eksport av fiskefartøy, viser at mange av Norske fartøy havner i fiske rundt Afrika der det er svake forvaltnings- og kontrollregimer. I disse områdene er fisketrykket stort fra det som er havets og utenlandske interesser. Norske selskap er engasjert direkte eller via joint ventures. Det er lite innsikt og transparens i aktivitetene. Kampen mot IUU (illegal, unreported, unregulated fishing) fiske går daglig ved afrikanske økonomiske soner. De eksporterte fiskefartøy har gjennom sitt livsløp blitt finansiert ved garantier fra gratis kvoterettigheter fra storsamfunnet. Det står seg dårlig at norske kvoter er fundament for tilførsel av utrangerte fiskefartøy til fiske i utsatte Afrikanske fiskerisoner.

Vestland Arbeiderpartiet vil:

- At regjeringen skal vurdere å nekte eksport av fiskefartøy og finne andre formål for utrangerte fiskefartøy, alternativt gjeninnføre en kondemneringsordning, jfr. tidligere forskrift av 2002 om kondemneringstilskudd. Regjeringen bør innlede samarbeid på dette området med andre Nord- Europeiske land som også har tilsvarende eksport.

Opprettelse av overvåkningsorgan i FN for verdenshavene

Norge har utviklet et sivilt overvåkningssystem som en del av BarentsWatch-programmet (BW). Dette var del av utenriksminister Støres Nord-område satsning. BW kan være et verktøy som kan benyttes mot alle typer havaktiviteter og transporter knyttet til ulike former for kriminalitet - innen fiskeri, miljø og forurensning, transport av ulovlige varer, ulovlig avvirket skog m.m. En sterkere internasjonal satsning på dette området vil kunne gi ny kunnskap og evne til å overvåke utviklingen, samt avdekke og rapportere bekymringsverdige aktiviteter til landene både i internasjonalt farvann, men også økonomiske soner til ressursfattige land med svake forvaltningsregimer. "

Vestland Arbeiderparti vil:

- At det opprettes et operativt overvåkningsorgan i FN for verdenshavene, med mål om å forebygge og stanse kriminalitet som miljøforurensning, slaveri, tvangsarbeid, ressurskriminalitet, smugling og ulovlig fiske.

Gjenoppsett ambassaden på Sri Lanka

I flere år har Norge vært sterkt engasjert på Sri Lanka, og i løpet av 2021 ble det investert 7,3 millioner kroner i opprettelsen av en ny ambassade. Imidlertid er det nå besluttet å stenge ned

ambassaden, noe som har ført til kritikk. Tidligere utviklingsminister Erik Solheim karakteriserer beslutningen som uklok og kortsiktig. Dette kommer som en skuffelse for norsk-tamiler og sivilsamfunnet på Sri Lanka, som uttrykker sin misnøye med avgjørelsen. Stengingen av ambassaden blir sett på som et tilbakeslag for det langvarige engasjementet Norge har hatt i regionen.

Griegakademiet må få nybygg

Griegakademiet prosjektet er kvalitetssikret, områderegulering er ferdigstilt og totalentreprenør er klar. Regjeringens krav om ekstra kvalitetssikring vil være klar i løpet av våren 2024. Musikakademiet ble opprettet i 1905 med støtte fra Edvard Grieg. Griegakademiet er i dag en del av Fakultet for kunst, musikk og design. Fagmiljøet har stor bredde og bidrar gjennom forskning, utdanning og innovasjon til å utvikle samfunnsrelevante musikkpraksis innenfor utøvende musikk som klassisk, jazz og tradisjonsmusikk (Ole Bull akademiet), komposisjon, musikkterapi, musikkvitenskap og utdanning av musikkklærere. Dagens lokaler er nedslitte og lite funksjonelle med hensyn til fysisk miljø, samhandling og øving. Inneklima gir helsemessige utfordringer. Det er et prekært behov for nye lokaler. I tillegg til musikkens egenverdi representerer den en viktig fremtidsrettet næring. Den internasjonale etterspørselen etter norsk musikk er økende. Verdiskaping har økt betraktelig siden 2011. Den nordiske musikkbransjen er ledende innen digitaliseringen. Norsk musikkbransje hadde en omsetning på 10 mrd. kr i 2015. Musikkbransjens verdiskapings- og sysselsettingsutvikling har vært sterkere enn i fastlandsøkonomien i perioden 2011-2015. I 2015 sysselsatte musikkbransjen 11 665 en økning på 24% fra 2011. Gjennomsnittlig lønnsomhet har ligget stabilt rundt 7 prosent, men økte til 9,1 prosent i 2015. I tillegg kommer antall offentlig ansatte der hovedtyngden er kulturskolen, skoleverket og musikkterapeuter har økt betydelig de siste årene.

Griegakademiet har et prekært behov for nye lokaler. Den ekstra kvalitetssikringen vil være klar i løpet av våren, slik at regjeringen kan gi oppstarts midler i årets revidert.

NRK må flytte flere ressurser fra teknologimiljøet til Media City Bergen og NRK Vestland

NRK sitt samfunnsoppdrag er beskrevet i vedtektene, men også i NRK plakaten sine vedtekter: -§ 23 NRK har et særlig beredskapsansvar. NRK skal legge til rette for at styremaktene når ut til befolkningen med informasjon ved nasjonale kriser. NRK skal i slike situasjoner også tilstrebe å opprettholde en omfattende nyhetsdekning og et bredt allmennkringkastingstilbud som dekker befolkningens behov for oppdatert informasjon. -§ 24 NRK skal være til stede på, og utvikle tjenester på, alle viktige medieplattformer, herunder Internett, for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud. Sist forslaget ble fremmet valgte daværende kulturminister Grande å gi Bodø oppdraget. Det er viktig at distriktskontorene får ulike oppgaver, men det bør strategisk slik at de gir merverdi både lokalt og nasjonalt og ikke bare et påskudd for å unngå å splitte opp etablerte miljøer i Oslo

Mediene har en grunnleggende rolle i demokratiet. NRK sitt samfunnsoppdrag om å nå hele befolkningen og motvirke falsk informasjon, forutsetter at de er i front innen teknologi og medieutvikling. Medieklyngen i Bergen er blitt en global aktør innen medieteknologi og innovasjon. De leverer til alle de store internasjonale broadcasterne, som BBC, CNN og Sky News. For at NRK skal styrke sitt samfunnsoppdrag bør de bli en mer integrert del av teknologifagmiljøet i Media City. NRK nasjonalt er på flyttefot og bør derfor være rett tidspunkt for å flytte deler av teknologimiljøet til NRK

Uttaler og vedtak frå Vestland Arbeiderparti sitt årsmøte 2024

Vestland. I tillegg til å styrke NRK så vil det også styrke det nasjonale mediateknologimiljøet og bidra til ytterligere

